

Læreplan i norsk – utkast til fråsegn frå LNK

Framlegg til tekst i kommentarfelta

Formål med faget:

LNK er berre delvis nøgd med formålsformuleringane. Det blir innleiingsvis vist til at norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling, men når høyringsutkastet omtalar nynorsk og bokmål som likestilte målformer, er det den instrumentelle og individuelle argumentasjonen som tek over.

Direktoratet viser i vedlegg 4 (høyringsnotatet) til stortingsmeldingane Mål og mening (2008) og Språk bygger broer (2008) der det går fram som sentral målsetjing at nynorsk skal bli meir reelt likestilt med bokmål og at plikta til å lære begge målformene er knytt til skulen sitt dannelsingsoppdrag i vid forstand fordi språkkompetansen gjev innpass i norsk kultur og opnar for brei samfunnsdeltaking. Desse sentrale målsetjingane bør komme med i formålsteksten der dei to likestilte skriftlege målformene er omtalt.

Hovudområde i faget:

LNK er nøgd med den oppstramma og omfangsreduksjonen som er gjort ved at samansette tekstar blir fjerna som eige hovudområde. Det kan redusere arbeidsbøra i eit overlesst norskfag og gje rom for meir tid og ro til å heve kompetansen i å skrive korrekt bokmål og rett nynorsk.

Grunnleggjande ferdigheiter i faget:

LNK merkar seg at høyringsutkastet omtalar skriftleg ferdigheit i norsk som å ytre seg på ein føremålstenleg måte og kommunisere med andre ved å bruke *skriftspråket* (vår utheving). Denne formuleringa med skriftspråket i eintal kan vere med på å skape ei oppfatning av at hovudmålet til elevane er det viktige, og at sidemålet er mindre viktig. LNK vil insistere på at den grunnleggjande ferdigheita å kunne skrive norsk omfattar begge målformene nynorsk og bokmål, og at det må få ei tydeleg formulering i den endelege læreplanen i norsk.

Kompetansemål i faget:

LNK er svært usamd i at ein skal bruke ulike kompetansemål i hovudmål og sidemål. LNK organiserer om lag hundre kommunar og fire fylkeskommunar som er avhengige av å hente fagfolk til verksemda si frå heile landet vårt. Medlemmene i LNK må kunne gå ut frå at personar som blir tilsette og har høgskule- og/eller universitetsutdanning kan skrive bokmål og nynorsk tilnærma like godt. Ikkje minst må dette gjelde lærarar i grunnskule og vidaregåande utdanning. LNK er redd for at ei senking av krava til kompetanse i sidemål vil slå særst uheldig ut for kommunar der nynorsk er målform.

Å redusere kompetansemåla i sidemål i forhold til hovudmål kan også fjerne mykje av den einaste fordelene elevane frå nynorskområdet har i forhold til elevane som har bokmål som hovudmål. Karakterstatistikkar viser at elevane med nynorsk som hovudmål har høg

kompetanse i sidemål, og at dei difor gjennomgåande har betre karaktervurdering i denne delen av norskfaget enn elevar med bokmål som hovudmål. Ei senking av krava kan jamne ut denne skilnaden til fordel for elevar med bokmål som hovudmål, og det kan føre til at sidemålsopplæringa blir sett på som mindre viktig av både lærarar og elevar.

LNK vil insistere på at likestilte målformer må ha like kompetansemål, og så vil det vere karaktervurderingane som gjev uttrykk for den faktiske kompetansen. Det direktoratet legg opp til i høyringsutkastet er meir eller mindre diffuse skilnader i målformulering, og LNK fryktar at det blir vanskeleg å vurdere den reelle skrivekompetansen til arbeidssøkjjarar som har nynorsk som sidemål.

LNK vil peike på eit forskingsarbeid som Mila Vulchanova ved NTNU har gjort og som dokumenterer at god kompetanse i to relativt like skriftspråk (nynorsk og bokmål) gjev gjensidig positiv effekt på begge skriftspråka. Forskingsarbeidet viste at personar med høg kompetanse i nynorsk også hadde høg kompetanse i bokmål og høgare kompetanse enn bokmålsbrukarar med låg kompetanse i nynorsk. Denne konklusjonen spenner bein under den populære oppfatninga at opplæring i sidemål verkar negativt inn på læring og kompetanseheving i hovudmålet. Det er heller stikk motsett, men det fordrar sjølvstilt at elevane ikkje har utvikla ei eller anna form for lærevegning. I alle høve er konklusjonen i Vulchanova si forskning eit godt argument for å ha dei same kompetansemåla i nynorsk og bokmål, i hovudmål og sidemål.

LNK er svært glad for at læreplanen i norsk legg opp til at elevane skal få møte begge målformene tidleg i skulegangen. Særs viktig trur vi det er for elevar med bokmål som hovudmål fordi dei blir lite eksponert for nynorsk i samfunnet elles. Tidleg start vil høgst sannsynleg føre til betre meistring i språket og motverke negative haldningar til sidemålet.

Vurdering i faget:

Alternativ 1

Alternativ 1 er det einaste av alternativa som reelt tek i vare likestillingsaspektet mellom bokmål og nynorsk og det einaste som tek opp i seg viktige intensjonar i dei to før nemnde stortingsmeldingane.

Kunnskap og kompetanse som blir sett på som viktig blir i norsk skule vurdert gjennom karakterar. Standpunktkarakterane skal gje elevane informasjon om kva kompetanse dei har i ulike fag til ei kvar tid har i skuleløpet og representerer den breie vurderinga. Ein standpunktkarakter som sluttvurdering skal også gje informasjon til andre utdanningsinstitusjonar, personar og organisasjonar som har bruk for å vite kompetansen til eleven når han/ho har avslutta eit skuleløp. Eksamenskarakterar vil ofte gje informasjon som representerer eit snevrare kompetansefelt, men dei er viktige for å sikre ei mest mogleg lik vurdering i heile nasjonen.

LNK ser det slik at alternativ 1 er det einaste av dei tre alternativa til sluttvurdering som gjev brei vurdering av kompetanse og god og eksakt informasjon til dei som har bruk for å kjenne kompetansen. Dette alternativet gjev elevane tydeleg dokumentasjon på kompetansen dei har i

både bokmål og nynorsk, og for LNK sine medlemmer er det avgjerande viktig at eksamensvitnemål kan seie noko eksakt om kompetansen i skriftleg kommunikasjon i nynorsk.

Alternativ 2.1 og 2.2

Dette alternativet har ein felles karakter i norsk skriftleg, og det vil føre til at informasjonen om den særskilde kompetansen i nynorsk og bokmål vil bli usikker. Alternativet kan få som konsekvens at det vert lagt stor vekt på kompetansen i hovudmålet i standpunktkarakteren og mykje mindre vekt på sidemålet.

Den spesifikke kompetansen i sidemål kjem ikkje til syne på vitnemålet for grunnskulen, og for elevar som tek yrkesretta utdanning er dette den einaste sjansen dei har til å dokumentere eksakt kompetanse i nynorsk gjennom ei standpunktvurdering. LNK ser det slik at alle elevar som går ut av den obligatoriske skulen skal få god dokumentasjon om kompetanse i både nynorsk og bokmål. Separate karakterar i hovudmål og sidemål er også nødvendig for å kunne gje god og sikker informasjon til dei som har bruk for å vurdere kompetanse.

Ulike språk bør ha separate vurderingar. Vi omtalar gjerne bokmål og dansk som ulike skriftspråk, og det kan argumenterast for at det er større skilnader mellom bokmål og nynorsk enn mellom bokmål og dansk. Ei sluttvurderingsordning som ikkje gjev særskilte karakterar i hovudmål og sidemål, i nynorsk og bokmål er såleis lite tenleg når LNK sine medlemmer skal tilsetje lærarar i skulen sine fag eller sakshandsamarar på ulike fagfelt. Og det er framleis slik at lærarar brukar norsk i alle andre fag, og i den forstad er alle lærarar også «norsklærarar».

Alternativ 2.2

LNK hadde gjerne sett at det vart innført obligatorisk eksamen i både sidemål og hovudmål på Vg3 og ved påbygging til generell studiekompetanse, men fordi dette alternativet inneber at elevar i den obligatoriske skulen ikkje får dokumentert særskilt kompetanse i nynorsk må vi avvise det.

Alternativ 3

Dette alternativet er det som gjev absolutt dårlegast spesifikk dokumentasjon på kompetanse i sidemål hos elevar som går ut av den obligatoriske skulen. Ein karakter i standpunktvurdering og berre eksamen i hovudmålet gjev svært dårleg informasjon om kompetanse i nynorsk hos desse elevane.

Forslaget om obligatorisk eksamen i sidemål etter Vg2 på studieførebuande program kan ha nokre gode praktiske argument for seg. Det som verkeleg talar imot denne ordninga er at kompetansemåla gjeld heile utdanningsløpet, og at norsk er eit fag der mogning, skrivetrening og intellektuell utvikling spelar ei stor rolle. Det er sannsynleg at føresetnadene for høg kompetanse og ei god karaktervurdering er vesentleg høgare hos ein elev på Vg3 enn hos den same eleven på Vg2.

Generelle kommentarar:

I arbeidet med revidert læreplan i norsk har det vore stort fokus på arbeidsbøra til norsklærarane. Det er ingen tvil om at ho har vore og er stor, og LNK stør alle dei endringane som forenkler og skreller bort emne og mål som like gjerne har ein plass i andre fag eller er mindre viktige for grunnkompetansen i norskfaget.

Arbeidsbøra til lærarane når det gjeld vurdering bør likevel ikkje ha som konsekvens at det blir enklare, meir uklår og mindre vurdering. Det kan arbeidast med og utviklast vurderingsmåtar som gjer vurderinga like god, men mindre arbeidskrevjande. Det er også mogleg å sjå på norsklærarane som om dei delvis underviser i to språk, og at det får konsekvensar i form av ytterlegare reduksjon i undervisningstimetalet per veke.

LNK vil hevde at norsk som det viktigaste reiskapsfaget i skulen, er tent med å bli vurdert høgt. Det får ein til ved å leggje vekt på god og presis dokumentasjon av kompetansen til elevane i faget.